



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato
15.09.2014
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2014/11122
Dykkar referanse
«REF»

Til kommunane i Hordaland

Invitasjon til å delta i satsing for å redusere barnefattigdom

Fylkesmannen inviterer fem kommunar eller bydelar til å vere med på å styrkje innsatsen i arbeidet mot fattigdom blant barn. Deltakande kommunar og bydelar vil få oppfølging og økonomisk støtte frå Fylkesmannen over fleire år. Samarbeid med ulike fagmiljø vil vere aktuelt.

Fattigdom handlar ikkje berre om å mangle pengar. Det handlar og om sosial utestenging og mangel på tilgang til tenester, medrekna velferdsordningar og utdanning. For mange barn betyr det og at dei ikkje får delta i sosiale og kulturelle aktivitetar. Etter barnekonvensjonen har alle barn rett til ein levestandard som sikrar dei fysisk, psykisk, åndeleg, moralsk og sosial utvikling. Samfunnet har eit overordna ansvar for å oppfylle desse rettane. Vi veit at mange barn ikkje får det i dag.

Fylkesmannen ønskjer at kommunane skal arbeide fram lokale løysingar som bidreg til å betre desse barna sin kvardag og framtid. Fattigdom er eit komplekst problem, og det vil vere naudsynt å arbeide fram heilsakaplege og tverrfaglege løysingar der ulike instansar som arbeider med barn, deltek. Frivillig sektor vil vere en aktuell samarbeidsinstans. Den lokale satsinga bør omfatte både kommunal planlegging og gjennomføring av konkrete tiltak.

Vi legg opp til at kommunane utformar søknaden sin i samarbeid med Fylkesmannen.

Kommunar som er interesserte i å delta og ynskjer meir informasjon, kan vende seg til:

Utdanningsdirektør Anne Hjermann tlf 55572275 e-post: fmhoakh@fylkesmannen.no
Fylkeslege Helga Arianson tlf 55572217 e-post: fmhohar@fylkesmannen.no

Frist for å levere søknad er 14. november 2014.

Med helsing

Lars Sponheim
fylkesmann

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

